

**SVR v/Alf Odden.**

**Kommentar og innspel til: Tema som ikkje er tilstrekkeleg omtalt i besøksstrategien.**

Kultur & fritidsavdelinga i Bykle kommune har i over tre år hatt mykje fokus på tamreinhistoria i Setesdalsheiane i form av arrangement, utstilling og ikkje minst ved å engasjere Kjell Bitustøyl til å skrive historia i bokform.

Ved å lese høyringsutkastet til Besøksstrategi for SVR 2019 -2015 og ved å vere tilstades på informasjonsmøte er mi oppleving at denne historia berre blir nevnt konkret ein stad i dokumentet, og ikkje teken med i konkrete tiltak og planar. Eg meiner historia om tamreindrifta i Setesdalsheiane er svært sentral når det gjeld historia til det aktuelle området og må ha sin rettmessige plass i den kunnskaps- og informasjonsformidlinga ein legg opp til.

Det er også konkrete fysiske kulturminne etter denne næringsverksemda i form av stolper, gjerde og anna etter innhegning som ligg på bakken ved Venevasshaddi i fleire hundre meters lengde. Andre fysiske kulturminne er ei gjetarhytte på Bjåen og ei lenger inne i fjellet. Særleg gjetarhytta på Bjåen burde ein prøve å få hånd om og setjast i stand.

Særleg arbeidsgruppe 3 må ta denne historia inn i sitt arbeid!

Bykle 12.10.18

Leif Kvinlog,

Bjårlii 27,

4754 bykle.